

Bondeungdomslaget i Molde
Postboks 341
6401 Molde
<http://bulmolde.no/>

Molde, 2. november 2013

Til medlemmene

Innkalling til årsmøte

Styret i Bondeungdomslaget i Molde kallar med dette inn til årsmøte.

Tid: Onsdag 4. desember 2013 kl. 19.30.

Stad: Reknes ungdomshus.

Saksliste:

1. Formalitetar
 - Godkjenning av innkallinga
 - Val av møteleiar
 - Val av to skrivarar
 - Val av to til å skrive under protokollen
2. Årsmeldingar
 - Frå styret i BUL
 - Frå hyttenemnda
3. Sluttorientering frå det avgåtte styret for Reknes ungdomshus
4. Rekneskap
5. Medlemskontingent og budsjett
6. Endringar i Lov for Bondeungdomslaget i Molde: §§ 5.3 og 6.8, sjå vedlegg
7. Innkome saker: Ingen saker er melde innan fristen
8. Val

Kaffi og kveldsmat undervegs.

Helsing Lars Staurset (s)
leiar for BUL

Til sak 6 på årsmøtet i BUL

Utdrag av Lov for Bundeungdomslaget i Molde:

§ 5 – ÅRSMØTET

[...]

3. Årsmøtet skal ha orientering frå styret i Reknes Ungdomshus.

§ 6 – STYRET

[...]

9. Styret er årsmøte i Reknes Ungdomshus.

Forslag frå styret:

§ 5 punkt 3 går ut, og punkta under blir nummererte om.

§ 6 punkt 8 får ny formulering:

8. Styret, eller dei styret utpeikar, representerer Bundeungdomslaget i saker som vedrører Reknes Ungdomshus.

Grunngjeving:

BUL eig ikkje lenger selskapet Reknes Ungdomshus, og lova må tilpassast til det.

§ 5.3 trengst ikkje lenger. Styret i BUL vil orientere årsmøtet om Reknes gjennom dei vanlege årsmøtesakene (årsmeldinga, rekneskapen og budsjettet).

Til § 6.8: Styret for BUL bør ha blankofullmakt til å representere BUL i Reknes Ungdomshus når det er aktuelt. Dette gjeld særleg generalforsamlinga, der BUL har 40 % stemmevekt. Tornekrattet har også 40 %, og husstyret 20 %. Desse stemmevektene er uavhengige av kor mange personar som møter, så styret kan til kvar tid vurdere kva som er praktisk.